

KFUK - HJEMMET

MÅNADSHESING

November 2018

Norsk KFUK, 52 Holland Park, W11 3RS
www.kfukhjemmet.org.uk/+442077279346

«Kloke ord frå staben»

Hausten går inn i sin siste måned, blada har forsvunne frå dei fleste trea, og me høyrer rykte om at veret og temperaturen i Noreg ikkje kan samanliknast med det milde veret me har hatt i London den siste månaden. For ein vestlending er det utruleg å oppleve ein haust nesten utan regn og konstante 10 grader.

Livet i London gjev meir og meir meirsmak, og det vert kjekkare for kvar dag som går. Etter å no ha vore her i 4 månadar har me fått sjå byen endre seg frå den varme sommaren me hadde, til juleførebuingane som sakte men sikkert snik seg inn enten ein ynskjer det eller ikkje. Julelysa har hengt oppe i Oxford Street sidan starten av oktober, butikkane går sakte men sikkert over til juledekorerte vindauger, og til og med vestlendingane byrjer så smått å glede seg til jul.

Men på K er det mykje som skal skje før den tid. Quiz-kveld og kveldstankar er berre to av tinga som kjem til å skje i løpet av den neste månaden. Ein merkar at veret ute er med på å bidra til ei god stemning inne, og ein samlar seg rundt tv-skjermar og kakebord. Det er kjekt å sjå korleis det har endra seg, utan at ein heilt var klar over det. Det er mykje ein rekk på 4 månadar, og mykje meir skal det verte. Oktober har vore ein fryd, og med minst like store forhåpningar ser eg fram til november.

«Nyd det!»



Ellen Straume, Ettåring



Bildekilde:

<http://onepleasantday.com/seasonal/hello-autumn/> 29.10.18



Ein heim for alle

«KFUK har vært mitt hjem de siste tre årene og det sier litt om hvor mye jeg setter pris på å kunne bo her. Det er deilig å komme hjem til et sted med likesinnede mennesker som driver med alt mulig rart og som er her for samme grunn som en selv - og som snakker norsk!»

Dette var svaret vi fekk av fastbuande Martin Enger Holm då vi spurte kvifor han bur på KFUK-hjemmet. I tillegg til gjester er det no totalt 19 fastbuande som bur på KFUK-hjemmet. Det er fleire som bur i London for første gong, men det er også bebuarar som har budd her før. Hausten 2015 starta Martin Enger Holm på sin fireårige *Bachelor of Music* ved *The Royal Academy of Music* og flytta grunna dette inn på K. Målet er å verte operasongar og reise verda rundt. Martin kjem med fleire grunnar til at han fortsatt bur her på K. «Siden dagen jeg kom hit har hjemmet hatt en utrolig hyggelig og positiv stab som lager deilig mat og styrer og ordner for at det skal se fint ut her til enhver tid. Det er ikke mange steder at noen vasker rommet for deg eller hvor frokosten og middagen står klar.» Martin nevner og at det er et pent strøk og at tubestasjonen ligg nær, noko som er praktisk for mange studentar. Ein merkar at Martin kjenner seg heime på K og det går sjeldan ein dag på K utan at ein høyrer song i gongane, men det er ikkje alltid han vi høyrer. Henrik Enger Holm har gått i broren sine fotspor og bur og på K, saman med dei bur ein tredje klassisk songar, Marcus Dawson.

Musikk er viktig for mange her på KFUK-hjemmet, men det er ikkje dette alle driv med. Amalia Zachariadis er halvt gresk og halvt norsk og kjem frå Bergen. «Jeg ankom i London uten å vite helt sikkert hvordan det kom til å være, men etter 2 måneder her har jeg blitt veldig positivt overrasket over hvor hjemlig det føles og hvor avslappet det er her. K huser en hyggelig atmosfære og jeg har møtt mange koselige folk, som har gjort opplevelsen veldig bra så langt.» Ho tok Bachelorgrada si i Nottingham og bestemte seg for å søkje på Mastergrad ved det det prestisjetunge Imperial College London for å fortsette si akademiske reise. Her studerer ho *MSc Strategic Marketing*.

Det er fleire av bebuarane på K som skal skrive masteroppgåve, men det er og studentar som er på sitt første år. Sanne Arenberg frå Oslo, vil bli barneskulelærer i Noreg. Før Sanne vert verande i Oslo, ville ho gjere noko litt annleis og studerer difor Early Childhood studies ved Roehampton University. Det er ikkje like tilfeldig kvifor ho hamna på K. «Jeg hørte om K gjennom storesøsteren min som bodde her for fire år siden, og hennes opplevelse gjorde at jeg også fikk lyst til å bo her i London på K et år. Jeg har nå bodd her på firemannsrom i 7 uker og trives veldig, gleder meg til resten av året!»

Grunnane til at dei fastbuande bur her er forskjellige. Nokre studerer for første gong, andre fullfører ei grad medan nokre jobbar. Kor lenge studentane bur på K varierer. Kvart semester får vi moglegheit til å verte ein heim for nye bebuarar.

Kanskje kjenner du nokon som KFUK-hjemmet kunne passe for? Be dei gjerne ta kontakt med oss!



Kva har skjedd på K den siste månaden?



FINSTOVA VERT FIN

30. oktober var det storvask i finstova. Både ettåringane og Anne koste seg med vasking.

Biletet viser, frå venstre, Anne, Selma, Anna Kristina, Anna og Ellen.



GUDSTENESTE I FINSTOVA

Den 14. oktober arrangerte vi gudsteneste i finstova kor både stab, gjestar og fastbuande deltok med Ellen Marie frå sjømannskirka som prest. Temaet for gudstenesta var Tryggleik.

Biletet over viser alteret i finstova.



HUSMØTE

Den 17. oktober dekkja ettåringane til festbord for stab og fastbuande. Det var klart for det årlege husmøtet kor målet var at vi skulle verte betre kjend med kvarandre og KFUK-hjemmet.



PROGRAM November

- Tysdag 6. november Kveldstankar i finstova ved ein ettåring kl. 20
- Tysdag 13. november Kveldstankar i finstova ved ein ettåring kl. 20
- Tysdag 20. november Temakveld kl. 20: *Kristen i kvardagen* ved Jessica Palalagi
- Tysdag 27. november Kveldstankar i finstova ved en ettåring kl. 20

I desember vert det julemiddag for bebuarane, juleverkstad, pepperkakebaking, julefilmar og anna kos. Følg med!

Middagsmeny November 2018

Torsdag	1.	Minestrone-suppe
Fredag	2.	Gryterett med squash og blomkål
Laurdag	3.	Restebuffet
Søndag	4.	Sitronkylling
Mandag	5.	Makaroniform med skinke
Tirsdag	6.	Fiskegrateng
Onsdag	7.	Tomatsuppe med egg og focaccia
Torsdag	8.	Krydra bønnegryte med tomat
Fredag	9.	Gulrotpizza
Laurdag	10.	Graut
Søndag	11.	Ovnsbakt fisk med Crème Fraiche
Mandag	12.	Grønnsaker og skinke i form
Tirsdag	13.	Gratinert tunfisk
Onsdag	14.	Pasta med sopp- og spinatsaus
Torsdag	15.	Linsesuppe
Fredag	16.	Lasagne
Laurdag	17.	Restebuffet
Søndag	18.	Laks
Mandag	19.	Indisk linsegryte
Tirsdag	20.	Fisk med tomat
Onsdag	21.	Chili con carne
Torsdag	22.	Bergensk fiskesuppe
Fredag	23.	Kvit pizza
Laurdag	24.	Graut
Søndag	25.	Mango Chutney Chicken
Mandag	26.	Pastarett
Tirsdag	27.	Fiskepinnar og pommes frites
Onsdag	28.	Brokkoli- og soppform med nudlar
Torsdag	29.	Potet- og purresuppe
Fredag	30.	Skinkeform

Velkommen til middag på K!

Middagen er kl. 17.30 – 18.15 måndag til fredag og kl. 17.00 – 17.45 på lørdagar og søndagar. Gi beskjed innan kl. 12.00 same dag om du ynskjer middag. Middag er inkludert i prisen når du bur på huset, for eksterne gjester kostar den £7.